

Møteprotokoll

for

Heradsstyret

Møtedato: 07.04.2021

Møtestad: Heradsstyresalen - Teamsmøte

Møtetid: kl. 14:00 – kl. 00:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Ordførar
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Frode Flesland	SP	Medlem
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordførar
Aksel Mjøs	H	Medlem
Ole Johannes Mjøs	H	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Medlem
Jørgen Varden	AP	Medlem
Tone Mjelde	SV	Medlem
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem
Bjarte Hammer Aarland	KRF	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Trude Tomren	MDG	Medlem
Alf Terje Mortensen	FRP	Medlem
Henrik Øksnes	FRP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Sigmund Faugstad	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Asgeir Presttun	SP	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Elin Hege Brumer Bratvold Lona	SV	Medlem

Ellinor Therese Birkeland	FRP	Medlem
---------------------------	-----	--------

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Berit Ophus	SP	Asgeir Presttun
Helge Valestrand Edvardsdal	SP	Vara for J. Haugland i sak 026/21
Kjellaug Hartveit	SP	Vara for F. Flesland i sak 026/21
Veronica Ahmer	H	Berit Moslett Borge
Synne Thunestvedt	SV	Elin Hege Brumer Bratvold Lona
Bjørn Kato Melchersen	FRP	Ellinor Therese Birkeland

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
023/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/21	Godkjenning av møtebok
025/21	Referatsaker og meldingar
026/21	Status om samlokalisering Ambulanse, Brann/redning og Tekniske tenester på Oddalsmyra
027/21	Kommunal overtaking av Sakslivegen
028/21	Valestrand - Søknad om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan for Rundhovde
029/21	Løypemelding - status for detaljregulering Holmane Næring og Saltverket i Fotlandsvåg
030/21	Tysse vassverk, vassleidning Tysse - Fotlandsvåg, avlaupsleidning Fotlandsvåg - Kleppskaret. Rapportering på prosjekt og kostnader.
031/21	Va-anlegg Haus, Vassleidning og avlaupsleidning Verkane - Mjeldalen. Haus Avlaupsreinseanlegg. Rapportering på prosjekt og kostnader.
032/21	Eigarskapsmelding 2021
033/21	Deltaking i Digi Vestland
034/21	Kommunesamanslåing - krav om ny handsaming av samanslåing med Bergen
035/21	78/16 - Geitrem - Krav om sak til heradsstyret
036/21	Vevletveit - Orientering om dom frå lagmannsretten

Fjernmøte

Møtet vart halde som fjernmøte, jfr. kommunelova § 11-7, av smittevernomsyn.

Orientering

Presentasjon av rapport: Ny modell for næringsarbeidet i Osterøy

v/Sverre Konrad Nilsen.

Rapporten er utarbeidd på oppdrag frå Osterøy Utvikling AS

TEMAMØTE

Sektor for helse, omsorg og sosial var invitert til å presentera sektoren.

Det vart halde presentasjoner ved leiarane frå NAV, Psykisk helse og rusomsorg, Helsetenester, Heimetenesta, Osterøytunet og Bu- og avlastningstenesta.

Grunna tidsramme må eventuelle spørsmål sendast inn etter møtet.

Ordinært heradsstyre møte starta kl. 17.35

023/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

07.04.2021 HERADSSTYRET

Ordføraren viste til innsende spørsmål og at desse vert tekne opp til slutt i møtet dersom spørsmålstillar ynskjer dette.

Alf T. Mortensen, FRP, oppmoda alle om å halda ein sakleg og god tone i debatten.

Henrik Øksnes, FRP, viste til innsende spørsmål og bad om svar på desse.

Kjersti Vevatne, V, viste til innsende spørsmål om reinhald på skular.

Aksel Mjøs, H, viste til temamøtet og oppfordra om at presentasjonar vert sende ut på førehand, og at det vert sett av litt tid til å stilla spørsmål i møtet

Jarle Skeidsvoll, KRF, bad om at dokumenta i Møteportalen vert lagde ut som pdf-dok.

Ole Johannes Mjøs, H, viste til innsend spørsmål om sommarskule.

Trude Tomren, MDG, viste til innsende spørsmål om bruk av Osterøyhallen og om ungdomsrådet.

Det var elles ikkje merknader til innkalling og sakliste.

HS - 023/21 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

024/21: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 24.02.2021 vert godkjend.

07.04.2021 HERADSSTYRET

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 24.02.2021.

HS - 024/21 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 24.02.2021 vert godkjend.

025/21: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

07.04.2021 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS - 025/21 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

026/21: Status om samlokalisering Ambulanse, Brann/redning og Tekniske tenester på Oddalsmyra

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet gir rådmannen mynde til å gå vidare med prosjektet med ei kostnadsramme på kr. 75 millionar.

24.03.2021 FORMANNSKAPET

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg:

"Formannskapet ber rådmannen snarast koma tilbake med revidert prosjekt med vesentleg redusert kostnadsramme nærmere vedtaket i HS 047/20.

Prosjekteringen/prosjektleiar skal prioritere slik:

1. Ambulansetenesta
2. Brann og redning
3. Tekniske tenester sine behov for lager

Det vil seie løysingar for Teknisk avdeling vil måtte tilpassast og dimensjonerast innanfor ramma etter at ambulanse og brann sine behov er møtt."

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Prosjektet om samlokalisering i Oddalsmyra vert skrinlagt.

Kommunen bygger stasjon for brannvesen og teknisk på communal grunn mellom Osterøytytunet og Opro. Utestasjon og lager for teknisk vert på koma at ende til. Budsjetttramme vert innvilga etter nærmere søknad.

Osterøy kommune hjelper Helse Bergen med å få plass i Oddalsmyra, då ein aktør som skal bygge eit nytt bygg der har sagt at dei er villig til å ta i mot ambulansen."

AVRØYSTING:

Henrik Øksnes, FRP, sitt framlegg - fall, 4 røyster (2AP, 2FRP) mot 5 røyster (2SP, 1KRF, 1H, 1SV)

Rådmannen sitt framlegg vert satt opp mot Hjalti H, Gislason, H, sitt framlegg:

Hjalti H. Gislason sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 024/21 VEDTAK:

Formannskapet ber rådmannen snarast koma tilbake med revidert prosjekt med vesentleg redusert kostnadsramme nærmere vedtaket i HS 047/20.

Prosjekteringen/prosjektleiar skal prioritere slik:

1. Ambulansetenesta
2. Brann og redning

3. Tekniske tenester sine behov for lager

Det vil seie løysingar for Teknisk avdeling vil måtte tilpassast og dimensjonerast innanfor ramma etter at ambulanse og brann sine behov er møtt.

07.04.2021 HERADSSTYRET

Øyvind Litland, AP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande grunna familietilknyting til tomteeigar (bestefar til Nils Skjerpings dotter) - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Frode Flesland, SP, bad om vurdering av gildskap grunna utviklingsavtale med tomteeigar om utviklingsavtale for område på Espevoll - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap

Johannes Haugland, SP, bad om vurdering av gildskap då kommunen leiger lokale hjå hans son til tekniske tenester/brannstasjon på Hauge - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Helge Valestrand Edvardsdal, SP og Kjellaug Hartveit, SP, møtte som vara - 26 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING - gildskap

Øyvind Litland, AP, vart kjend gild med 15 røyster(5SP,4H,1V,1SV,1MDG,3KRF)
mot 11 røyster (3AP,7FRP, 1SV)

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre grunnlag for ugildskap etter fvl. § 6, 1. ledd, bokstav, b, då ein ikkje vurderer tomteeigar som part i denne saka som gjeld nytt kommunalt bygg, og ikkje val av tomt. Heradsstyret fann heller ikkje at det låg føre opplysningar som gjer han ugild etter fvl. § 6, 2. ledd *likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til.*

Frode Flesland, SP vart kjend gild med 15 røyster (5SP,4H,1V,1MDG,1SV,3KRF)
mot mot 11 røyster(3AP,7FRP,1SV)

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre grunnlag for ugildskap etter fvl. § 6, 1. ledd, då ein ikkje vurderer tomteeigar som part i denne saka som gjeld nytt kommunalt bygg, og ikkje val av tomt. Heradsstyret fann heller ikkje at det låg føre opplysningar som gjer han ugild etter fvl. § 6, 2. ledd *likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til.*

Johannes Haugland vart kjend gild - samråystes

Heradsstyret fann at det ikkje låg føre grunnlag for ugildskap etter fvl. § 6, 1. ledd, då ein ikkje vurderer utleigar som part i denne saka som gjeld eit nytt kommunalt bygg som ikkje vedkjem kommunen sitt leigetilhøve på Hauge. Heradsstyret fann heller ikkje at det låg føre opplysningar som gjer han ugild etter fvl. § 6, 2. ledd *likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til.*

Øyvind Litland, AP, Frode Flesland, SP og Johannes Haugland, SP, kom tilbake til møtet - Helge V. Edvardsdal, SP og Kjellaug Hartveit, SP, gjekk frå møtet - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Kommunalsjef Berit Rystad deltok i møtet ved handsaminga og svara på spørsmål.

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg: "Prosjektet om samlokalisering i Oddalsmyra vert skrinlagt. Kommunen bygger stasjon for brannvesen og teknisk på kommunal grunn mellom Osterøytynet og Opro AS. Budsjetttramme vert innvilga etter nærmere søknad. Osterøy kommune skal bidra til at Helse Bergen får lokale i Oddalsmyra hjå privat aktør."

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett til neste møte i heradsstyret med det for auga å vurdera nye opplysningar, m.a. Bergen brannvesen sitt synspunkt på å bli lokalisert på Oddalsmyra. Det må også vurderast alternativ lokalisering på kommunen sin tomt ved Sjukeheimen."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 19.15 - kl. 19.30 med gruppemøte for AP.

Rita Tveiten, AP, trekte sitt utsetjingsframlegg.

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg om tillegg: "Spesielt er det ønskeleg å få klarlagt kva konsekvensar det vil ha for tekniske tenester når kostnadene skal reduserast."

AVRØYSTING

Alternativ avrøyting

Formannskapet si innstilling	-	20 røyster (4AP,5SP,4H,3KRF,1V,2SV,1MDG)
FRP sitt framlegg	-	7 røyster (7FRP)
AP sitt framlegg om tillegg	-	samrøystes vedteke

HS - 026/21 VEDTAK:

"Rådmannen må snarast koma tilbake med revidert prosjekt med vesentleg redusert kostnadsramme nærmare vedtaket i HS 047/20.

Prosjekteringa/prosjektleiar skal prioritere slik:

- 1. Ambulansetenesta**
- 2. Brann og redning**
- 3. Tekniske tenester sine behov for lager**

Det vil seie løysingar for Teknisk avdeling vil måtte tilpassast og dimensjonerast innanfor ramma etter at ambulanse og brann sine behov er møtt.

Spesielt er det ønskeleg å få klarlagt kva konsekvensar det vil ha for tekniske tenester når kostandne skal reduserast."

027/21: Kommunal overtaking av Sakslivegen

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune overtek Sakslivegen som kommunal veg frå 01.01.2022. Vedtaket er gjort med heimel i veglova § 5. Kostnader med overtaking vert lagt inn i investeringsbudsjettet for 2022.

24.03.2021 FORMANNSKAPET

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt tilleggsframlegg:

"Rådmannen sitt framlegg blir vedtatt med følgjande tillegg: - Kommunen skal jobbe for at vegen Fitje-Bruvikdalen blir overtatt av fylkeskommunen"

AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg vert samråystes vedteke

Henrik Øksnes, FRP, sitt tilleggsforslag vert samråystes vedteke

FS - 021/21 VEDTAK:

Osterøy kommune overtek Sakslivegen som kommunal veg fra 01.01.2022. Vedtaket er gjort med heimel i veglova § 5. Kostnader med overtaking vert lagt inn i investeringsbudsjettet for 2022.

Kommunen skal jobbe for at vegen Fitje-Bruvikdalen blir overtatt av fylkeskommunen

07.04.2021 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Innstillinga vart samråystes vedteken (5SP,1MDG,1V,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)

HS - 027/21 VEDTAK:

"Osterøy kommune overtek Sakslivegen som kommunal veg fra 01.01.2022. Vedtaket er gjort med heimel i veglova § 5. Kostnader med overtaking vert lagt inn i investeringsbudsjettet for 2022.

Kommunen skal jobbe for at vegen Fitje-Bruvikdalen blir overtatt av fylkeskommunen."

028/21: Valestrand - Søknad om ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan for Rundhovde

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for bygging av offentleg veg med grøftar og fyllingar i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
2. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for bygging av felles veg med grøftar og fyllingar i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
3. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels anleggsareal for offentleg veg i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
4. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels anleggsareal for felles veg i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
5. Rådmannen gis mynde til å begjære skjønn og eventuelt overskjønn for fastsetting av

erstatning for inngrepet.

6. Rådmannen gis mynde til å følge opp eventuell klage på vedtaket ovanfor klageinstansen.
7. Rådmannen gis mynde til å søke om og gjennomføre forhåndstiltreding.
8. Rådmannen gis mynde til gjennomføre ekspropriasjonen med bistand frå advokat

Vedtak om ekspropriasjon gjerast på føresetnad av at dei faktiske kostnadene knytta til gjennomføring av ekspropriasjonen dekkast av utbyggar.

10.03.2021 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke (1H,1AP,1SP,1FRP,1V)

PL - 020/21 VEDTAK:

"Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for bygging av offentleg veg med grøftar og fyllingar i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.

1. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for bygging av felles veg med grøftar og fyllingar i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
2. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels anleggsareal for offentleg veg i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
3. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels anleggsareal for felles veg i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
4. Rådmannen gis mynde til å begjære skjønn og eventuelt overskjønn for fastsetting av erstatning for inngrepet.
5. Rådmannen gis mynde til å følge opp eventuell klage på vedtaket ovanfor klageinstansen.
6. Rådmannen gis mynde til å søke om og gjennomføre forhåndstiltreding.
7. Rådmannen gis mynde til gjennomføre ekspropriasjonen med bistand frå advokat

Vedtak om ekspropriasjon gjerast på føresetnad av at dei faktiske kostnadene knytta til gjennomføring av ekspropriasjonen dekkast av utbyggar."

24.03.2021 FORMANNSKAPET

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Det vert ikkje gjeve godkjenning til ekspropriasjon.

Valnemnda kjem til heradstyret 7.april med tre forslag på navn til å sitte i eit meklarutval for denne type saker."

AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg: 7 røyster (2AP, 2SP, 1KRF, 1H, 1SV) mot 2 (FRP)

Henrik Øksnes, FRP, sitt framlegg vert difor ikkje votert over.

FS - 020/21 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for bygging av offentleg veg med grøftar og fyllingar i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
2. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for bygging av felles veg med grøftar og fyllingar i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
3. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels anleggsareal for offentleg veg i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
4. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels anleggsareal for felles veg i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
5. Rådmannen gis mynde til å begjære skjønn og eventuelt overskjønn for fastsetting av erstatning for inngrepet.
6. Rådmannen gis mynde til å følge opp eventuell klage på vedtaket ovanfor klageinstansen.
7. Rådmannen gis mynde til å søke om og gjennomføre forhåndstiltreding.
8. Rådmannen gis mynde til gjennomføre ekspropriasjonen med bistand frå advokat

Vedtak om ekspropriasjon gjerast på føresetnad av at dei faktiske kostnadene knytta til gjennomføring av ekspropriasjonen dekkast av utbyggar.

07.04.2021 HERADSSTYRET

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg: «Godkjenning om søknad til ekspropriasjon vert ikkje gjeve. Partane vert oppmoda om å gå i forhandling og finne ei løysing»

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Formannskapet si innstilling	- 20 røyster (5SP,1MDG,1V,3KRF,2SV,4AP,4H)
FRP sitt framlegg	- 7 røyster (7FRP)

HS - 028/21 VEDTAK:

1. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for bygging av offentleg veg med grøftar og fyllingar i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
2. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere naudsynt grunn og rettar for bygging av felles veg med grøftar og fyllingar i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
3. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels anleggsareal for offentleg veg i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
4. Osterøy kommune vedtek å ekspropriere rett til mellombels anleggsareal for felles veg i samsvar med reguleringsplan 1253-201-5005.
5. Rådmannen gis mynde til å begjære skjønn og eventuelt overskjønn for fastsetting av erstatning for inngrepet.
6. Rådmannen gis mynde til å følge opp eventuell klage på vedtaket ovanfor klageinstansen.
7. Rådmannen gis mynde til å søke om og gjennomføre forhåndstiltreding.
8. Rådmannen gis mynde til gjennomføre ekspropriasjonen med bistand frå advokat

Vedtak om ekspropriasjon gjerast på føresetnad av at dei faktiske kostnadene knytta til gjennomføring av ekspropriasjonen dekkast av utbyggar."

029/21: Løypemelding - status for detaljregulering Holmane Næring og Saltverket i Fotlandsvåg

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret tek orienteringa til vitande

07.04.2021 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke (5SP,1MDG,1V,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)

HS - 029/21 VEDTAK:

"Heradsstyret tek orienteringa til vitande."

030/21: Tysse vassverk, vassleidning Tysse - Fotlandsvåg, avlaupsleidning Fotlandsvåg - Kleppskaret. Rapportering på prosjekt og kostnader.

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

24.03.2021 FORMANNSKAPET

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt tilleggsframlegg:

"Merknad:

Periodisert oppstilling av kostnadene som visar årvis pengeforbruk til prosjektet

Kostnadene for juridisk bistand oppsatt årvis

Kostnadene for konsulentbistand oppsatt årvis

Kostnadene med ny veg og avkjøring ved austre Kleppe høgdebasseng må spesifiserast.

Forventa meirkostnad i samband med opprydning, grunnavståing og ferdigstilling jfr. Pkt I i forlik må spesifiserast. Dette gjeld gnr 101 bnr 3."

AVRØYSTING:

Henrik Øksnes, FRP, sitt tilleggsframlegg fell 2 røyster (FRP) mot 7 røyster (2AP, 2SP, 1KRF, 1H, 1SV)
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 023/21 VEDTAK:

Orienteringa vert teke til vitande.

07.04.2021 HERADSSTYRET

Ordføraren, viste til innsende spørsmål frå Henrik Øksnes om meir detaljerte kostnadstal for prosjekta, og refererte svar frå sektor Samfunnsutvikling.

Svaret vert lagt ut i Møteportalen etter møtet.

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett. Svar på spørsmål frå FRP vert lagt inn i svaret. Læringsnotat vert lagt ved saka for unngå slike saker i framtida."

AVRØYSTING

Alternativ avrøyting

Formannskapet si innstilling - 16 røyster (5SP,4AP,1MDG,1V,3KRF,2H(H.H.Gislason,V.

Ahmer))

FRP sitt framlegg - 11 røyster (7FRP, 2H (Ole J. Mjøs, Aksel Mjøs), 2SV)

HS - 030/21 VEDTAK:

"Orienteringa vert teke til vitande."

031/21: Va-anlegg Haus, Vassleidning og avlaupsleidning Verkane - Mjeldalen. Haus Avlaupsreinseanlegg. Rapportering på prosjekt og kostnader.

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

24.03.2021 FORMANNSKAPET

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt tilleggsframlegg:

"Merknad:

- Periodisert oppstilling av kostnadar som visar årvis pengeforbruk til prosjektet
 - Kostnadar for juridisk bistand oppsatt årvis
 - Kostnadar for konsulentbistand oppsatt årvis"
-

AVRØYSTING:

Henrik Øksnes sitt tilleggsframlegg fell 3 røyster (2FRP, 1SP) mot 6 røystr (1SP, 2AP, 1H, 1KRF, 1SV)

Rådmannen sitt framlegg vert samråysts vedteke.

FS - 022/21 VEDTAK:

Orienteringa vert teke til vitande.

07.04.2021 HERADSSTYRET

Ordføraren, viste til innsende spørsmål frå Henrik Øksnes om meir detaljerte kostnadstal for prosjekta, og refererte svar frå sektor Samfunnsutvikling.

Svaret vert lagt ut i Møteportalen etter møtet.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett. Svar på spørsmål frå Frp vert lagt inn i svaret.

Læringsnotat vert lagt ved saka for å unngå slike saker i framtida."

AVRØYSTING - utsettjing

Utsettjingsframlegget fall med 16 røyster (5SP,1MDG,1V,3KRF,4AP,2H(H.H.Gislason,V.Ahmer)
mot 11 røyster(7FRP,2SV,2H (O.J.Mjøs, A.Mjøs))

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert ikkje teken til vitande, så saksframlegget ikkje gjev eit rett bilet av kostnadene knytt til saka."

AVRØYSTING

Alternativ avrøyting

Formannskapet si innstilling	- 20 røyster(5SP,1MDG,1V,3KRF,2SV,4AP,4H)
FRP sitt framlegg	- 7 røyster (7FRP)

HS - 031/21 VEDTAK:

"Orienteringa vert teke til vitande."

032/21: Eigarskapsmelding 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eigarskapsmelding, dagset 17.03.2021, vert vedteken slik den ligg føre

24.03.2021 FORMANNSKAPET

Hjali H. Gislason, H, gjorde slikt endringsframlegg:

"Endring i § 5.1 Osterøy Utvikling AS: Paragrafen «Eigarformål» vert endra til: Selskapet sitt føremål er å fungere som ein mellomromsaktør for vidareutvikling av eksisterande industri og anna næring i kommunen, vidareutvikling av reiselivssatsinga og samskaping av framtid som omfattar meir samarbeid lokalt og regionalt. Selskapet kan òg arbeide med eigedomsforvalting og

eigedomsutvikling på Osterøy og i Bergensregionen. Aktivitetane kan føregå i eigen regi eller i samarbeid med andre."

"For å unngå forvirring om at den teksten skal påverka Osterøy Utvikling sitt vidare arbeid etter at prosjektet «Arena for Næringsutvikling» var avslutta føreslår eg at «fram til februar 2021» vert lagt til overskrifta.

1. Endring i § 5.1 Osterøy Utvikling AS: Overskrifta «Verksemrd» vert endra til «Verksemrd fram til februar 2021»"

Jarle Skeidsoll, KRF, gjorde slikt tilleggsframlegg:

"Framlegg til endringar i sak 025/21; Eigarkapsmeldinga S.13, under punkt 3.10. tredje linje:
«Valutvalet si tilråding bør vere grunngjeven og innehalde omtale av kvar enkelt kandidat sine kvalifikasjonar opp mot det selskapet treng og...»

Vidare et siste punkt under 3.10: «Valgprosessen skal starta 2 månader før vala, for å sikra best mogeleg tilfang av aktuelle kandidatar, for igjen å sikra gode, kompetente styrer.»

Vidare foreslår me endring i tredje avsnitt på s. 14, etter første setning om KS sin tilråding: «I Osterøy kommune skal ikkje medlemmer av formannskapet, kommunedirektør eller stedfortreder sitte i selskap der kommunen har eigarinteressar.» Stryk resten av avsnittet"

AVRØYSTING:

Jarle Skeidsvoll, KRF, sitt tilleggsframlegg vert vedteke 7 røyster (2AP, 2SP, 1H, 1KRF, 1SV) mot 2 røyster (FRP)

Hjalti H. Gislason, H, sine endringsframlegg vert samråyste vedteke

Rådmannen sitt framlegg med vedteke endrings og tilleggsframlegg vert samråystes vedteke

FS - 025/21 VEDTAK:

Eigarskapsmelding, dagset 17.03.2021, vert vedteken slik den ligg føre med slike endringar:

S.13, under punkt 3.10. tredje linje:

«Valutvalet si tilråding bør vere grunngjeven og innehalde omtale av kvar enkelt kandidat sine kvalifikasjonar opp mot det selskapet treng og...»

Vidare et siste punkt under 3.10:

«Valgprosessen skal starta 2 månader før vala, for å sikra best mogeleg tilfang av aktuelle kandidatar, for igjen å sikra gode, kompetente styrer.»

Vidare foreslår me endring i tredje avsnitt på s. 14, etter første setning om KS sin tilråding:

«I Osterøy kommune skal ikkje medlemmer av formannskapet, kommunedirektør eller stedfortreder sitte i selskap der kommunen har eigarinteressar.» Stryk resten av avsnittet.

Endring i § 5.1 Osterøy Utvikling AS:

Overskrifta «Verksemrd» vert endra til «Verksemrd fram til februar 2021

Endring i § 5.1 Osterøy Utvikling AS: Paragrafen «Eigarformål» vert endra til:

Selskapet sitt føremål er å fungere som ein mellomromsaktør for vidareutvikling av eksisterande industri og anna næring i kommunen, vidareutvikling av reiselivssatsinga og samskaping av framtid som omfattar meir samarbeid lokalt og regionalt. Selskapet kan òg arbeide med eigedomsforvalting og eigedomsutvikling på Osterøy og i Bergensregionen. Aktivitetane kan føregå i eigen regi eller i

samarbeid med andre.

07.04.2021 HERADSSTYRET

Jarle Skeidsvoll, KRF, gjorde slikt framlegg om tilleggspunkt: "Tillegg, I tredje avsnitt på s. 14, etter første setning om KS si tilråding:

«I Osterøy kommune skal ikke medlemmer av formannskapet, kommunedirektør eller stedfortreder sitte i styre i selskap der kommunen har eigarinteressar.» *Det bør heller ikke sitje meir enn eitt medlem av heradstyret i kvart av desse styra.* Stryk resten av avsnittet."

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling	- samrøystes
KRF sitt framlegg om tillegg	- vedteke med 21 røyster (5SP,1MDG,1V,2SV,3KRF,4AP,4H,1FRP(B.K.Melchersen)) mot 6 røyster (6FRP)

HS - 032/21 VEDTAK:

"Eigarskapsmelding, dagset 17.03.2021, vert vedteken slik den ligg føre med slike endringar:

S.13, under punkt 3.10. tredje linje:

«Valutvalet si tilråding bør vere grunngjeven og innehalde omtale av kvar enkelt kandidat sine kvalifikasjonar opp mot det selskapet treng og...»

Vidare et siste punkt under 3.10:

«Valgprosessen skal starta 2 månader før vala, for å sikra best mogeleg tilfang av aktuelle kandidatar, for igjen å sikra gode, kompetente styrer.»

Vidare foreslår me endring i tredje avsnitt på s. 14, etter første setning om KS sin tilråding:

«I Osterøy kommune skal ikke medlemmer av formannskapet, kommunedirektør eller stedfortreder sitte i selskap der kommunen har eigarinteressar.» Stryk resten av avsnittet.

Endring i § 5.1 Osterøy Utvikling AS:

Overskrifta «Verksemrd» vert endra til «Verksemrd fram til februar 2021

Endring i § 5.1 Osterøy Utvikling AS: Paragrafen «Eigarformål» vert endra til:

Selskapet sitt føremål er å fungere som ein mellomromsaktør for vidareutvikling av eksisterande industri og anna næring i kommunen, vidareutvikling av reiselivssatsinga og samskaping av framtid som omfattar meir samarbeid lokalt og regionalt. Selskapet kan òg arbeide med egedomsforvalting og egedomsutvikling på Osterøy og i Bergensregionen. Aktivitetane kan føregå i eigen regi eller i samarbeid med andre.

Tillegg, I tredje avsnitt på s. 14, etter første setning om KS si tilråding:

«I Osterøy kommune skal ikke medlemmer av formannskapet, kommunedirektør eller stedfortreder sitte i styre i selskap der kommunen har eigarinteressar.» *Det bør heller ikke sitje meir enn eitt medlem av heradstyret i kvart av desse styra.* Stryk resten av avsnittet."

033/21: Deltaking i Digi Vestland

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune sluttar seg til samarbeidet i Digi Vestkland, og delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid slik den ligg føre i saksvedlegget.»

24.03.2021 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING:

Rådmannen sitt framlegg vert samråystes vedteke

FS - 026/21 VEDTAK:

Osterøy kommune sluttar seg til samarbeidet i Digi Vestkland, og delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid slik den ligg føre i saksvedlegget.

07.04.2021 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling - samråystes vedteken(5SP,1MDG,1V,3KRF,2SV,4AP,4H,7FRP)

HS - 033/21 VEDTAK:

"Osterøy kommune sluttar seg til samarbeidet i Digi Vestkland, og delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid slik den ligg føre i saksvedlegget."

034/21: Kommunesamanslåing - krav om ny handsaming av samanslåing med Bergen

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer ikkje framlegg i saka.

07.04.2021 HERADSSTYRET

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg: "A. Osterøy heradsstyre vel å realitetshandsama innbyggjarinitiativet om kommunesamanslåing med Bergen.

B. Rådmannen skal førebu ei rådgjevande folkerøysting om samanslåinga som skal finna stad samtidig med Stortingsvalet mandag 13. september 2021.

Det innbyggjarane skal verta spurt er «Er du for eller imot at Osterøy kommune skal søkje samanslåing med Bergen kommune?» med svaralternativa «Eg er for» og «Eg er imot».

C. Rådmannen skal førebu ei sak om dei moglege konsekvensane av ei kommunesamanslåing med Bergen, og konsekvensane av å halde fram som eigen kommune, med vekt på økonomi, miljø, og folkehelse, i tillegg til konsekvensane for tenesteytinga i alle sektorar. Arbeidet med saksframlegget skal også vere grunnlag for eit kunnskapsgrunnlag for innbyggjarane.

- i. Grunna pandemien treng ikkje rådmannen halde fysiske folkemøte om ein mogleg kommunereform, men kan i staden gjere eit kunnskapsgrunnlag tilgjengeleg for innbyggjarane på kommunen si heimeside minst ein månad før folkerøystinga, og elles etter beste evne spre informasjon så breitt som mogleg,
- ii. Rådmannen tek kontakt med Statsforvaltaren i Vestland, slik han inviterte til i møte 9. september 2020, om prosess for samanslåing og inkluderer desse opplysingane i saksgrunnlaget,
- iii. Saksutgreiinga skal i størst mogleg grad byggjast på eksisterande kunnskapsgrunnlag som økonomiplanen, årsrekneskap osb. med eventuelt supplement frå Statsforvaltaren. Det skal ikkje tingast nye konsulentrapportar,
- iv. Rådmannen skal bruka sak HS 043/16 «Framtidig kommunestruktur - vurdering av samanslåing med Bergen kommune» inklusive rådmannen si vurdering den gongen som kunnskapsgrunnlag.
- v. Rådmannen skal også bruka rapporten i HS 053/20 «Drifts- og ressursbruksanalyse, Osterøy kommune» frå Telemarksforskning som kunnskapsgrunnlag,
- vi. Rådmannen skal inkludere resultatet av den rådgjevande folkerøystinga i saksgrunnlaget,
- vii. Rådmannen treng ikkje å kome med ei samla tilråding i saka, og
- viii. Saka skal handsamast i fyrste heradsstyremøte etter at resultatet av folkerøystinga er kjent."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg: "Heradsstyret vel å realitetsbehandle saka."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Ordføraren gjorde slikt framlegg: "Saka vert ikkje teken opp til handsaming."

AVRØYSTING - handsaming av saka

Ordføraren sitt framlegg - fall med 22 røyster (1SP(L.Fjeldstad),1MDG,1V,3KRF,2SV,3AP,4H,7FRP) mot 5 røyster (4SP,1AP(Ø.Litland))

Frode Flesland, SP, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune søker ikkje samanslåing med Bergen kommune."

Alf T. Mortensen, FRP, bad om prøverøysting over framlegga frå SP og H.

PRØVERØYSTING

SP sitt framlegg - vedteke med 14 røyster mot 13 røyster.

H sitt framlegg - fall med 17 røyster mot 10 røyster

Tone Mjelde, SV, gjorde slikt framlegg: "1. Osterøy heradsstyre vel å realitetshandsama innbyggjarinitiativet om kommunesamanslåing med Bergen.

2.Rådmannen skal førebu ei rådgjevande folkerøysting om samanslåinga som skal finna stad samtidig med lokalvalet i 2023. Det innbyggjarane skal verta spurt er «Er du for eller imot at Osterøy kommune skal søkje samanslåing med Bergen kommune?» med svaralternativa «Eg er for» og «Eg er imot».

3. Rådmannen skal førebu ei sak om dei moglege konsekvensane av ei kommunesamanslåing med Bergen, og konsekvensane av å halde fram som eigen kommune, med vekt på økonomi, miljø, og folkehelse, i tillegg til konsekvensane for tenesteytinga i alle sektorar. Arbeidet med saksframlegget skal òg vere grunnlag for eit kunnskapsgrunnlag for innbyggjarane.
4. Rådmannen skal kome tilbake til heradsstyret om ei alternativ gjennomføring av folkeavrøysting før 2023, der dei økonomiske konsekvensane av dette blir belyst.
 1. Det skal gjennomførast folkemøter og kunnskapsgrunnlag skal gjerast tilgjengeleg for innbyggjarane på kommunen si heimeside før folkerøystinga.
 2. Rådmannen tek kontakt med Statsforvaltaren i Vestland, slik han inviterte til i møte om prosess for samanslåing og inkluderer desse opplysingane i saksgrunnlaget,
 3. Saksutgreiinga skal i størst mogleg grad byggiast på eksisterande kunnskapsgrunnlag som økonomiplanen, årsrekneskap osb. med eventuelt supplement frå Statsforvaltaren. Det skal ikkje tingast nye konsulentrapportar,
 4. Rådmannen skal bruka sak HS 043/16 «Framtidig kommunestruktur - vurdering av samanslåing med Bergen kommune» inklusive rådmannen si vurdering den gongen som kunnskapsgrunnlag,
 5. Rådmannen skal også bruka rapporten i HS 053/20 «Drifts- og ressursbruksanalyse, Osterøy kommune» frå Telemarksforskning som kunnskapsgrunnlag,
 6. Rådmannen skal inkludere resultatet av den rådgjevande folkerøystinga i saksgrunnlaget,
 7. Rådmannen skal belyse administrasjonen sine vurderingar kring samanslåing, men treng ikkje kome med ei samla tilråing i saka.
 8. Saka skal handsamast i fyrste heradsstyremøte etter at resultatet av folkerøystinga er kjent."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen skal førebu ei bindande folkerøysting om samanslåing. Denne skal finna stad ved lokalvalet i 2023. Alle innbyggjarar som har røysterett ved eit kommuneval i kommunen skal ha høve til å røyste.

Følgande spørsmål skal røystast over: «Er du for eller imot at Osterøy kommune skal søkje samanslåing med Bergen kommune?» med svaralternativa:

- «Eg er for samanslåing med Bergen»
- «Osterøy skal stå for seg sjølve».

Det vert sett ned eit arbeidsutval med tre medlemmer frå heradsstyret, i tillegg til rådmannen. Ordførar, varaordførar og ein representant frå det største opposisjonsparti skal utgjere utvalet. Utvalet skal tinge med Bergen kommune om mogelege løysingar. Statsforvaltaren i Vestland må være involvert i prosessen, helst så tidleg som mogeleg.

Saka skal opplysast godt gjennom prosessen. Innbyggjarane må haldast orientert gjennom lokalmedia og nettsider. Folkemøter skal avhaldas fysisk når det opnast opp for dette.

Resultat av tinginga med Bergen kommune skal gjerast kjent for innbyggjarane i god tid før valdatoen. Rådmannen tek kontakt med Statsforvaltaren i Vestland, slik han inviterte til i møte 9. september 2020, om prosess for samanslåing."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Trude Tomren, MDG, gjorde slikt framlegg: "1. Osterøy heradsstyre vel å realitetshandsama innbyggjarinitiativet om kommunesamanslåing med Bergen.

2. Rådmannen skal førebu ei rådgjevande folkerøysting om samanslåinga som skal finna stad samtidig med lokalvalet i 2023.

Det innbyggjarane skal verta spurta er «Er du for eller imot at Osterøy kommune skal søkje samanslåing med Bergen kommune?» med svaralternativa «Eg er for» og «Eg er imot».

3. Rådmannen skal førebu ei sak om dei moglege konsekvensane av ei kommunesamanslåing med Bergen, og konsekvensane av å halde fram som eigen kommune, med vekt på økonomi, miljø, og folkehelse, i tillegg til konsekvensane for tenesteytinga i alle sektorar. Arbeidet med saksframlegget

skal òg vere grunnlag for eit kunnskapsgrunnlag for innbyggjarane.

1. Rådmannen tek kontakt med Statsforvaltaren i Vestland, slik han inviterte til i møte 9. september 2020, om prosess for samanslåing og inkluderer desse opplysingane i saksgrunnlaget,
2. Saksutgreiinga skal i stòrst mogleg grad byggjast på eksisterande kunnskapsgrunnlag som økonomiplanen, årsrekneskap osb. med eventuelt supplement frå Statsforvaltaren. Det skal ikkje tingast nye konsulentrapportar,
3. Rådmannen skal bruka sak HS 043/16 «Framtidig kommunestruktur - vurdering av samanslåing med Bergen kommune» inklusive rådmannen si vurdering den gongen som kunnskapsgrunnlag,
4. Rådmannen skal også bruka rapporten i HS 053/20 «Drifts- og ressursbruksanalyse, Osterøy kommune» frå Telemarksforskning som kunnskapsgrunnlag,
5. Rådmannen skal inkludere resultatet av den rådgjevande folkerøystinga i saksgrunnlaget,
6. Rådmannen treng ikkje å kome med ei samla tilråding i saka, og
7. Saka skal handsamast så snart som mogleg etter at resultatet av folkerøystinga er kjent."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 22.55 - kl. 23.00 med gruppemøte for SV og MDG

Tone Mjelde, SV, gjorde slikt framlegg: "Osterøy Heradsstyret vel å realitetsbehandle innbyggarinitiativet ved å byrje å forberede ei folkeavrøysting. Rådmannen kjem tilbake i neste møte med vurderingar kring korleis dette kan gjennomførast. Heradsstyret bestemmer tidspunkt og prosess for folkeavrøysting i neste heradsstyremøte."

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg: "Rådmannen skal førebu folkerøysting om samanslåing. Denne skal finna stad ved lokalvalet i 2023. Alle innbyggjarar som har røysterett ved eit kommuneval i kommunen skal ha høve til å røyste.

Følgande spørsmål skal røystast over: «Er du for eller imot at Osterøy kommune skal søkje samanslåing med Bergen kommune?» med svaralternativa:

- «Eg er for samanslåing med Bergen»
- «Osterøy skal stå for seg sjølve».

Det vert sett ned eit arbeidsutval med tre medlemmer frå heradsstyret, i tillegg til rådmannen.

Ordførar, varaordførar og ein representant frå det stòrste opposisjonsparti skal utgjere utvalet.

Utvælet skal tinge med Bergen kommune om mogelege løysingar. Statsforvaltaren i Vestland må være involvert i prosessen, helst så tidleg som mogeleg.

Saka skal opplyst godt gjennom prosessen. Innbyggjarane må haldast orientert gjennom lokalmedia og nettsider. Folkemøter skal avhaldas fysisk når det opnast opp for dette.

Resultat av tinginga med Bergen kommune skal gjerast kjent for innbyggjarane i god tid før valdatoen. Rådmannen tek kontakt med Statsforvaltaren i Vestland, slik han inviterte til i møte 9. september 2020, om prosess for samanslåing."

AVRØYSTING

Frode Flesland, SP sitt framlegg - vedteke med 14 røyster (4SP,7FRP,2KRF

(J.Skeidsvoll,B.Aarland),1AP(Ø.Litland))

mot 13 røyster (4H,3AP,2SV,1SP(L.Fjeldstad),1MDG,1V,1KRF(K.L.Mjøs))

Framlegga frå Tone Mjelde,SV og Henrik Øksnes, FRP, vart etter dette ikkje røysta over.

HS - 034/21 VEDTAK:

"Osterøy kommune søker ikkje samanslåing med Bergen kommune."

035/21: 78/16 - Geitrem - Krav om sak til heradsstyret

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret stadfester vedtak 083/13 og 113/20 slik at grunneigar av 78/16 må betale distriktsandelen på kr. 1.172.517,80. Konsekvensen er at innsendte stemning til tingrett vert halde ved lag.

07.04.2021 HERADSSTYRET

Ordføraren, gjorde framlegg om å handsama saka i lukka møte, jfr. kommunelova § 11-5.

Heradsstyret slutta seg til framlegget.

Kommunen sin advokat, Henrik Lande, deltok i møtet og svara på spørsmål.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Heradstyret vedtek å imøtekome forslaget om forlik frå grunneigar på GNR/BNR 78/16 om ein sum, stor 150 000 kroner. Kvar av partane tek sine eigne sakkostnader. Forlikssum skal være innbetalt innan 4 veker frå vedtaksdato. Saka er med dette avslutta."

Ordføraren gjordes slikt framlegg: "Rådmannen får fullmakt til å føre saka."

Tone Mjelde, SV, gjorde slikt framlegg: Heradstyret vedtek å imøtekome forslaget om forlik frå grunneigar på GNR/BNR 78/16 om ein sum, stor 300 000 kroner. Kvar av partane tek sine eigne sakkostnader. Forlikssum skal være innbetalt innan 4 veker frå vedtaksdato. Saka er med dette avslutta."

Alf Terje Mortensen, FRP, trekte sitt framlegg.

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Ordføraren sitt framlegg	-	14 røyster (5SP,2H(A. Mjøs,V.Ahmer),4AP, 3KRF)
SV Sitt framlegg	-	13 røyster(1MDG,1V,2SV,7FRP,2H(O.J.Mjøs,H.H.Gislason))

HS - 035/21 VEDTAK:

"Rådmannen får fullmakt til å føre saka."

036/21: Vevletveit - Orientering om dom frå lagmannsretten

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret gir rådmannen mynde til å anke saka i den utstrekning det er hensiktsmessig.

07.04.2021 HERADSSTYRET

Ordføraren, gjorde framlegg om å handsama saka i lukka møte, jfr. kommunelova § 11-5.

Heradsstyret slutta seg til framlegget.

Kommunen sin advokat, Henrik Lande, deltok i møtet og svara på spørsmål.

Siren Tyssebotn, FRP, gjorde framlegg om å setja taletid.

Ordføraren gjorde framlegg om taletid to minutt og replikk 1 minutt.

Heradsstyret slutta seg til framlegget.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Heradstyret vel å ikkje anke Gulating lagmannsretts dom av 12.03.2021 i sak 19-189107ASDGULA/AVD2 til høgsterett."

Veronica Ahmer, H, tok opp spørsmål om gildskap for sin del då ho har møtt som vitne retten, i tingrett for saksøkjar og i lagmannsretten for kommunen.

Ordføraren si vurdering var at ho ikkje var ugild i saka etter fvl. § 6, slik ein forstår denne.
Heradsstyret slutta seg til ordføraren si vurdering.

AVRØYSTING

Alternativ avrøyting

Rådmannen sitt framlegg	-	14 røyster (5SP,4AP,3KRF,2H (A.Mjøs, V.Ahmer))
FRP sitt framlegg	-	13 røyster (7FRP,1MDG,2SV,1V,2H (H.H.Gislason,V.Ahmer))

HS - 036/21 VEDTAK:

"Heradsstyret gir rådmannen mynde til å anke saka i den utstrekning det er hensiktsmessig."

Andre saker/spørsmål

Heradsstyret slutta seg til at innsende spørsmål vert besvart skriftleg etter møtet.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Kjersti Vevatne og Jarle Skeidsvoll

Lonevåg, 09.04.2021

Bente Skjerpning
utvalssekreter